



Christian Vatnelid

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1579 - 15/9026

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:  
06.05.2015

## Godkjenning av søknad om dispensasjon fra forbud om motorisert ferdsel i Rylandsvassdraget.

**Administrativt vedtak. Saknr: 148/2015**

### Saksutgreiing:

Christian og Britt Vatnelid søker i brev dagsett 05.05.2015 om løyve til å nytte båt med motor på Rylandsvatnet. Søklarane eig ein fritidseigedom Gnr. 43 bnr. 58 på Ryland. Eigedommen er veglaus, og i samband med naudsynt vedlikehald av taket på hytta søker dei om løyve til bruk av motorisert ferdsel på Rylandsvatnet. Dei søker om å få nytte båt for å frakte naudsynt materiell inn til hytta der taket skal renoverast. Eigedommen ligg over 300 meter i frå nærmaste veg. Tiltaket skal gjerast i løpet av sommaren og dei reknar med at tiltaket vil vere ferdig innan august månad.

Søklar opplyser at ved tidligare høve har dei fått nytta båt transport av materialar til vedlikehald inn til hytta.

### Vurdering:

Forskrift for bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget § 1 sett eit generelt forbod mot bruk at motorfartøy. Forskrifta opnar vidare for generelle unntak frå forbodet i §§ 2 og 3, men det omsøkte tiltaket fell ikkje inn under unntaka. Kommunen kan gje løyve til bruk av motorfartøy etter søknad med heimel § 5 i den lokale forskrifta. Løyve etter § 5 i den lokale forskrifta skal gjevast i medhald av § 6 i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. I motorferdselslova § 6 står det at når særlege grunnar føreligg, kan kommunen gjeve løyve til bruk av motorfartøy som elles ikkje kan finne sted etter denne lov eller med heimel i lova.

Administrasjonen har vurdert det til at transport av materialar som trongs til naudsynt vedlikehald av taket fell inn under særlege grunnar. Hytta ligg så lang unna veg at det vil vorte ein mykje meir krevjande oppgåve dersom ein ikkje får nytta motorbåt. Administrasjonen vurderer det slik at eit løyve til transport av materialar ikkje vil medføre ein auka belastning eller støy knytt til bruken av motorfartøy i vatnet dersom det gjerast innan den planlagde tidsramma.

Søknaden er vurdert i høve til Naturmangfaldslovas §§ 8-12. Etter gjennomgang av registrerte naturverdiar, meiner administrasjonen at eit løyve til bruk av motorfartøy ikkje vil føre til negative konsekvensar for miljøverdiane (jf. §§ 8 og 9). Eit løyve til bruk av motorfartøy i ein tidsavgrensa periode vil heller ikkje føre til ein økt samla belastning for området (jf. § 10). Administrasjonen påpeiker at søkjar er pliktig til å taka omsyn til miljøet ved ein gjennomføring (jf. §§ 11 og 12).

Etter ei samla vurdering vil administrasjonen gå inn for å gi dispensasjon frå forbodet om motorisert ferdsel i Rylandsvatnet, da grunnlaget for søknaden er i tråd med lovverket og ikkje vil medføre ein auka belastning da det vil vere avgrensa i tid.

### **Vedtak**

«Meland kommune gjev Christian og Britt Vatnelid løyve til å bruke motorfartøy på Rylandsvatnet til nyttekjøring av materiell i samband med vedlikehald av tak på deira hytte, på eigedom Gbnr. 43/58 på Ryland i Meland kommune. Løyvet gjeld frå 05.05.2015 til og med 31.07.2015. Det skal ikkje nyttast større motor enn 10 HK og farten må ikkje overstige 5 knop (1 knop tilsvarer 1,825 km/t), jf. § 4 i forskrift for bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget.

Vedtaket har heimel i forskrift for bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget §5.»

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

### **Med helsing**

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**  
Christian Vatnelid